

Årsmelding for 2024 – Prestegardshågein, Ullinsvin.



Figur 1 Staudebedet

Prestgardshågein er eigd av Vågå historielag, men er drifta av frivillige som ei underavdeling.

Kontonr. 2085 25 80756. VIPPS 520188.

Prestgardshågein er medlem i Schübelers hager, eit nettverk av historiske hagar. Erik Lillebråten representerer Prestgardshågein i styret.

Unn Bostad starta arbeidet med restaurering av hagen i 2012 saman med mange frivillige. I 2024 har arbeidet vore leda av ei arbeidsgruppe med Kari Hølmo Holen som leiar, saman med Magnhild Råstad og Ågot Råstad.

Prestgardshågein er på Facebook, der det jamleg blir lagt ut bilde av hagen og frivillige. Frå 2019 er Prestgardshågein ei underavdeling på Vågå historielag si heimeside.

Hagen består av fleire avdelingar, og er godkjent som ein historisk hage. Unn Bostad har laga ein skjøtselsplan, som blir oppdatert årleg.

Samarbeidsutval: Med bakgrunn i at det er fleire aktørar i Ullinsvin, er det oppretta eit samarbeidsutval. Kari Hølmo Holen (hagegruppa) er vald som leiar, elles er Vågå husflidslag, Gudbrandsdalsmusea, Galleri Ullinsvin, Vågå historielag og Vågå kommune representert. Samarbeidsutvalet har hatt ansvar for servering under opningsarrangement av utstillingar i galleriet,

hjelp under Ullfestivalen i juli, sommarfest i Ullinsvin, frivilligfest 7. november, Jul i Ullinsvin 23. og 24. november med avslutning av loddsalet for U-flax, bakst i eldhuset og kafedrift.

Hagegruppa – informasjon om aktivitet:

Sommarsesongen i 2024 har vore spesiell, der det har vore mykje regn.

- Årsmøte 5.3.2024
- 25.april – Vårdugnad. Her møtte 18.
- 22. mai – Dugnad - hagearbeid og avleggjarsal m.m.. To økter. Her møtte 27.
- 4. juni – Pressekonferanse med Fjuken og hagearbeid. Her møtte 17.
- 6. juni - Besøk av Fabelaktiv, TV-opptak og hagearbeid – her møtte 19.
- 15.oktober – Haustdugnad. Her møtte 19.
- 7.november – Dugnadsfest for alle frivillige, 56 møtte, av desse 26 frå hagegruppa.
- 23. og 24. november – Medarrangør for Jul i Ullinsvin, og U-flax-lotteriet.
- Frivillige i hagen er delt i fem grupper, i tillegg har ein ansvar for kompostavdelinga. Gruppene har vore i aktivitet både i sine oppsette arbeidsveker i perioden 25. april til 15. oktober, og elles ein del ekstra ved behov.
- Vi starta opp med registrering av frivilligtimar for hagegruppa i år, men er nok ikkje i mål med all registrering. Frivilligtimar som er registrert i hagegruppa er ca. 1000 timar.
- Hagegruppa har også ansvar for bed som er i tunet i Ullinsvin, og har planta i bed i Jutulheimen.

Inntekter – utdrag frå rekneskapen:

- Tilskott frå Vågå kommune kr. 5000,-
- Tilskott frå Sparebank 1 Lom & Skjåk kr. 4000,-
- Inntekt frå arrangement i galleri Ullinsvin er kr. 13.200,-
- Tilskott frå Sparebankstiftinga via Schübelers hager mottatt 180.000 fordelt på tre år.
- Gåve kr.13.000 i samband med gravferd etter Berit Retvedt, ho har vore viktig frivillig i mange år. Det var raust av familien at dei ville gje gåve til hagen.

Utgifter - utdrag frå rekneskapen (vedlagt resultatrekneskap)

- Inventar og utstyr: tre hagebord – 16.675
- To nye veggslangeboksar, kompressor og grastrimmar ca 7.000 kr.
- Planter og anna utstyr – 13.000 kr
- Reparasjon og vedlikehald av utstyr ca 9.000 kr.
- Renovasjon, vatn og avløp mm 6.400 kr.
- Planteljos i ytste kjellarrommet i kafeen, der geraniumar mm er lagra.
- Elles er det sjølvsgatt noko kostnad med servering og tilrettelegging for dei som arbeider frivillig, og andre aktivitetar, førebels kostnadsrekna til 3.400.

Mange har vore inno i hagen i løpet av sesongen, og vi har fått gode attendemeldingar på korleis det ser ut. Vi har hatt litt guiding i hagen for grupper. Både barnehagane og skulane nyttar også området mykje.

For hagegruppa v/Kari Hølmo Holen, Ågot Råstad og Magnhild Råstad.

Vedlegg:

1. Nokre bilde som syner litt av aktiviteten
2. Resultatrekneskap for 2024



Figur 2 Bjørg Schultz demonstrerer arbeid med lin



Figur 3 Dugnad i hagen



Figur 4 Nils ordnar med servering til dugnadsfolka



Figur 5 Pause i arbeidet



Figur 6 Huml blir tatt ned om hausten



Figur 7 Ei av mange grupper frå barnehage/skule som nyttar området



Figur 8 Bord og stolar blir vaska og tatt inn om haust



Figur 9 Heidi Johnsen ryddar plantestøtter